

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Cecilie Solli	Arkiv:	K2-K00 K3-&30
Arkivsaksnr:	24/1004 24/1004-25		

Forslag til temaplan for naturmangfald, Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	02.06.2026	050/26

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet vedtek at forslag til temaplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring, Samfunnsplan, vedtatt i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025, legg føringar for temaplanen som Sula kommune sitt styringsdokument.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler offentleg ettersyn i ni(9) veker frå vedtaksdato, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13. Høyringsfrist for offentleg ettersyn vert sett til 4.august 2026.

02.06.2026 Plan- og miljøutvalet

Saksbehandlar hadde ein gjennomgang av arbeidet med planen og saka vart drøfta. Forslag frå Vibeke Bjørkavåg (H):

Ta med i planen fremmed arter som er truende for eksisterende fauna, generelt for Norge, og om mulig avdekke truende arter som allerede eksisterer på Sula. Dette for å skape større og vidare kunnskap om offentlig beplantning i første omgang, og som kanskje kan resultere i bedre fauna i det offentlige rom. Samtidig kan dette vere retningslinjer som kan gi et varsku ved søknader om masseutskifting, deponering m.m. For å "unngå spredning av fremmedarter".

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt med tilleggforslaget frå Vibeke Bjørkavåg (H).I tillegg vart det omtalt mindre endringar som saksbehandlar tar med i planforslaget.

- PM050/26 **Vedtak:**

Plan og miljøutvalet vedtek at forslag til temaplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring, Samfunnsplan, vedtatt i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025, legg føringar for temaplanen som Sula kommune sitt styringsdokument.

Ta med i planen fremmed arter som er truende for eksisterende fauna, generelt for Norge, og om mulig avdekke truede arter som allerede eksisterer på Sula. Dette for å skape større og vidare kunnskap om offentlig beplantning i første omgang, og som kanskje kan resultere i bedre fauna i det offentlige rom. Samtidig kan dette vere retningslinjer som kan gi et varsku ved søknader om masseutskifting, deponering m.m. For å "unngå spredning av fremmedarter".

I tillegg vart det omtalt mindre endringar som saksbehandlar tar med i planforslaget.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler offentlig ettersyn i ni(9) veker frå vedtaksdato, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13. Høyringsfrist for offentlig ettersyn vert sett til 4.august 2026.

Kortversjon av saka:

Temaplan for naturmangfald skal gjer greie for Sula kommune si viktige rolle i å sikre god forvaltning av naturmangfaldet. Planprogram for temaplanen er vedteken i plan og miljø utvalet sak nr. 41/26.

Det er kome innspel frå innbyggjarar, offentlig fagmynde og det er gitt innspel gjennom medverknad og tverrfagleg arbeid i administrasjonen. Det har vore medveknadmøte med ungdomsrådet, barnas representant, Langevåg Skule og Ålesund vidaregåande.

Innspel som er motteke og gjennom medverknad er tatt med i arbeidet og innarbeidd i forslag til temaplan som skal leggest ut til offentlig ettersyn.

Saksopplysningar:

Planprogram vart utarbeida ved oppstart av ein større planprosess. Planprogrammet for temaplan for naturmangfald gjer greie for føremålet med planarbeidet, temaplanen sitt innhald, korleis medverknad er planlagt og kva framdrift som er planlagt.

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 03.03.2026 å legge ut forslag til planprogram på offentlig ettersyn, og starta då arbeidet med temaplan for naturmangfald. Planprogram er vedteke i møte den 28.04.2026.

Det har vore arbeidsmøte i plan og miljøutvalet der det er gitt signal om innhald og medverknad til temaplan for naturmangfald. Det vart peika på viktigheten med

medverknad og gitt ros til ungdomsrådet og Langevåg skule for deira bidrag til temaplanen.

Formålet med temaplanen er å redusere tapet av biologisk mangfald og sikre gode val for naturmangfald gjennom forvaltning. Temaplanen skal gi kunnskapen og vere ein ressursbank for naturmangfald på ein systematisk og tilgjengeleg måte, å løfte fram korleis Sula kommune vil vere med på å ivareta naturen og mangfaldet naturen byr på.

Digital mappe tilhøyrande temaplan for naturmangfald, ligg i lenka under, i mappa ligg alle journalposter som er arkivert i dette arbeidet.

[Søk etter saker og dokument - Sula kommune](#)

Bevistgjerjing er det beste nøkkelen til å ta vare på naturen og ressurser som skal vere berekraftig for å gi same moglegheit for dei komande generasjonar som vi har i dag. Medverknad til dette arbeidet sman med barn og unge har synt dette. Ungdomsrådet presiserte at å ha lenke til kvar ein finn nyttig informasjon er heilt i tråd med deira måte å finne fram på, eit tastetrykk unna, som dei uttaler seg.

Det vert foreslått å ha offentleg ettersyn i ni(9) veker frå vedtaksdato, noko som er lengre frist enn lova krev. Dette for å gi moglegheit til å gi innspel til temaplan for naturmangfald og auke moglegheit for å gi innspel og tilbakemeldingar på innhaldet i forslag til temaplan for naturmangfald.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune

Temaplan for naturmangfald i seg sjølv medfører ikkje direkte økonomiske konsekvensar, men vil legge føringar for tiltak som kan ha kostnadar for kommunen. Ved tiltak vil det bli lagt fram eiga sak til kommunestyret som gjer greie for tiltak og konsekvensar med kostnadoversikt. Sula kommune har fått tilskot, pålydande kr. 400.000, frå Miljødirektoratet til arbeidet med å utarbeide ein temaplan for naturmangfald.

Juridiske konsekvensar

Temaplan for naturmangfald er ikkje juridisk bindande.

Konsekvensar for innbyggjarane

Medverknad i arbeidet har gitt innspel til temaplanen både med bilete som peiker på areal og områder som er viktig for innbyggjarar, og deling gjennom lokalavisa Sulaposten og sosiale medier. Sula ungdomsråd har vore aktiv bidragsyter frå starten

av arbeidet, og Langevåg skule har bidrege både med bilete, og tekst til planen. Det har også vore engasjerte innbyggjarar som har tatt kontakt for å gi konkrete innspel.

Ålesund vidaregåande har bidrege gjennom medverknad. Det er motteke regionale og lokale innspel som viser at det er stort forkus på å ta vare på naturmangfaldet i Sula kommune, noko som viser at innbyggjarane aktivt søker å ta del.

Det vil bli orientert om arbeidet i utvalet for viltsaker den 10.juni. 2026, det har vore dialog med hjortviltvaldet og Sula jeger og fiskeforening frå arbeidet starta opp.

Vurderingar og konklusjon:

Innspela frå offentleg fagmynde er gode vurderingar knytt til kva Sula kommune skal forvalte knytt til naturmangfald, og kva som kan vere viktig å ta omsyn til i temaplanen. Regionale mynde og nabokommuner er m.a. dei som vil få tilsendt forslag til planprogram.

Innspel frå regionale mynde har vist til i både denne saka og andre saker kor viktig det er med tideleg medverknad, noko som det er tatt høgde for i dette arbeidet med temaplan for naturmangfald.

Kommunedirektøren tilrår i legge ut forslag til temaplan for naturmangfald på høyring i minimum seks veker.

Tittel	Dok.ID
Temaplan for naturmangfald i Sula kommune PMU 02.06.2026	1569458